



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 02.11.2016  
Vår ref.: 2014/18411-11  
Saksbehandlar: tinsinc  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til høyring av detaljregulering for Alver næringsområde- gnr 137 bnr 325 ,469 -Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 22.09.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Alver næringsområde. Hovudføremålet i planen er utviding og effektivisering av eksisterande næringsverksemd i området. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Knarvik- Alversund, der området er sett av til næring og eit mindre LNF- område. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 24.06.2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Vurdering**

#### Planfaglege merknader

I fråsegn til oppstart datert 13.08.2014 ba Hordaland fylkeskommune om at planarbeidet la særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, landskap, kulturminne, næringsutvikling, samferdsel og senterstruktur. Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget slik det no ligg føre.

#### Støy mot eksisterande bustad

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert innarbeid krav om dokumentasjon av auka støy for eksisterande bustader som følge av planen i føresegnene.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi innanfor planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader i saka når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

### Samferdsel

Vi har ingen særskilte merknader til planen når det gjeld samferdsel, men vi legg merke til at tilkomst til planområdet frå Fv 565 vert drøfta grunna belastning langs Alvervegen. Det er sett av areal til næringsområder nær Alverflaten næringsområdet, og dette kan gi utfordringar knytt til auka trafikk på Alvervegen. Samferdselsavdelinga legg til grunn at vegsituasjonen blir vurdert med tanke på å finne gode løysingar for mjuke trafikantar, og viser elles til Statens vegvesen sine vurderingar og anbefalingar.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Tina KM Sinclair  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Monika Cecylia Serafinska- Kultur og idrettsavdelinga, Fylkeskonservatoren  
Gunhild Raddum- Samferdselsavdelinga, Transportplan

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND